

Møtereferat

Dato:12.09.2017

Emne:	Referat frå Regionalt planforum 29.08.2017 – Fusa, reguleringsendring Tollaneset	
Til stades:	Jan Egil Leirstein Terje Raunsgard Helle H. Bruland Helge Ådland Ove Frotvedt Andres Neumann Meyer Daniela Schwachta Odd Tøsdal Morten Sageidet Per Nordmark Kjetil Bø Omarstrand Gunnbjørg Austrheim Gunnhild Raddum Martin Tvedt Liz Eva Tøllefsen	Fusa kommune Fusa kommune Fusa kommune Tollaneset eigedom FanAgro AS LINK arkitektur LINK arkitektur Mattilsynet Fylkesmannen i Hordaland Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune Hordaland fylkeskommune
Forfall:		Sak: 2014/13624-
Møtetid:	29.08.2017 Kl. 10:00-12:00	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Sunnhordaland

Møteleiar: Eva Katrine Taule

Referent: Kjetil Bø Omarstrand

Per Nordmark, seniorrådgjevar i planseksjonen i Hordaland fylkeskommune ønsker velkomen og orienterer om planforum, eit fora for å fremme dialog i planprosessane. Kort presentasjonsrunde.

Innleiing ved Terje Raunsgard

Innleiingsvis fikk vi i grove trekk illustrert utviklingstrekk i Eikelandsosen dei siste tiåra ved hjelp av flyfoto og eldre bilete. Eikelandsosen er eit langstrakt sentrumsområde der høva for gåande og syklende mellom sentrumsområde og viktige målpunkter som samfunnshuset, barnehage og idrettsanlegget er utfordrande. Planområdet på Tollaneset er sett av til sentrumsføremål i kommuneplanens arealdel (2015-2027), og skal etter planen også inngå i ein områdeplan for Eikelandsosen. Det er krevjande og trekkje saman Tollaneset med sentrumsområdet/Leiro. Kommunen påpeikte at planforslaget er i tråd med fleire av kommunen sine satsingsområde i kommuneplanen:

- Fleire attraktive bustadar nær sjø
- Fleire sentrumsnære bustadar
- Betre høve for mjuke trafikantar
- Styrkje og fornya område for skule, idrett og kultur
- Betre tilgang til gode rekreasjonsområde ved sjø.

Presentasjon ved Link arkitektur

Planforslaget leggje til rette for 30-50 nye bustadeiningar som er plassert i fire klynger som dannar ein halvsirkel. Utforminga er inspirert av gamle tradisjonar og klyngetun. Det er føreslått å senke terrenget innafor planområdet slikt at bygningar og parkeringsplasser vorte meir skjerma frå fylkesvegen og omgjevnadane. 1/3 av bustadeiningane er planlagt som små leilegheita, 1/3 som mellomstore leilegheita, og 1/3 som større etasjars toppleilegheiter. Innanfor planområdet er det planar om ny badestrand og eit «grendanaust» med form som eit notheng som skal kunne brukast til felles arrangementa. Grøntareal, gangsoner og tilrettelegging for delar av ein framtidig kyststi mellom planområdet og sørover mot sentrum inngår i planarbeidet. Behovet for utbetring av avkøyrslar og eventuell kulvert mot skule og bustadområde vart omtalt. Planforslaget leggje til rette for utfylling i sjø på nordsida av Koldalselva. Her er det vurdert å leggje til rette for noko næringsverksemd samt grøntelementa og gangsone som sikrar ålmenn tilgang til strandsonen. Gangbru over Koldalselva inngår i planforslaget, og vil knyte saman planområdet og sentrum. Utfyllinga er foreløpig berre vist som ei volumplassering.

Diskusjon i plenum

Utfylling i sjø på nordsida av Koldalselva

Dagens situasjon med einssidig utfylling i sjø på sørsida av Koldalselva har skapt eit forstyrra strømningsbilete med auka sedimentasjon i elvemunninga. Det vart påpeikt at ein ny utfylling på nordsida vil bidra til at sedimentasjonen avtaka. Planforslaget prøvd å teke omsyn til det eksisterande naustmiljøet og bustadhuset som ligg innanfor planområdet. Der er vurdert om dagen bensinstasjon skal relokalisert til arealet sett av til næringsføremål på utfyllinga. I dag ligg bensinstasjonen ute av syne frå fylkesvegen og langt frå sjøen. Kommunen påpeikte at ei relokalisering av bensinstasjonen vil gjeve båtar moglegheita til å fylle drivstoff frå sjøsida - eit tilbod som manglar i Eikelandsosen i dag, og som kan skape positive ringverknader for næringsaktørar i Eikelandsosen.

- Utfyllinga vil slik den er skissert skapa ein kald profil mot sjøen.
- Det utfyllinga vart realisert må kommunen sikra at nok arealet vert sett av til gangveggar og grøntelementa. Slik det er skissert no, verkar dette arealet noko trangt.
- Vanskeleg å gjeve ein heilskapleg vurdering av utfyllinga utan at det er gjennomført KU. Fleire omsyn som må ivaretakast; naturmangfald, landskapsverdiar, m.m.
- Omfanget, utforming og arealføremål i forbindelse med må vektleggast meir i det vidare planarbeidet.
- Kommunen og tiltakshavar bør vurdere ulike løysingar for ny bensinstasjon på utfylling i sjø.

Forma på utfyllinga er tenkt å korrespondere med forma på eksisterande utfylling sør for Koldalselva slik at ein får ein naturleg forlenging av sjøfronten. Med ein rett front vil utfyllinga også kunne utviklast til båthamn. Det er nesten balanse mellom massane som skal takast ut innanfor planområde og den skisserte utfylling på nordsida av Koldalselva. Rådgivande biologer er vorte engasjert for å kartlegga biologisk mangfald i forbindelse med planarbeidet.

Samferdsel

Dagens avkøyrslar og kryssløysing tilfredstillar ikkje dagens krav. Skulevegen vart truleg dekkja med kulvert. Kommunen er i dialog med vegvesenet som har lova å kome med tilbagemelding. Rundkøyringa som er skissert skal koplust på veg mot skule og idrettsplass.

- Støyanalyse bør utførast
- Kommunen bør i tillegg til arbeidet med kyststi leggje til rette for ein indre ferdselsåre for mjuke trafikantar. Ganganalyse bør inngå i dette arbeidet
- Kommunen må sikre sikker kryssing av fylkesvegen for mjuke trafikantar
- Ganganalyse bør utførast i forbindelse med ny ferdselsveg for mjuketrafikantar

Per i dag ferdast går og sykklar folk langs fylkesveg. Kommunen og tiltakshavar er positive til å leggje til rette for ein indre ferdselsåre for mjuke trafikantar mellom planområdet og fylkesvegen. Ei barnetråkanalyse skal gjennomførast som ein del av folkehelsearbeidet i Fusa kommune.

Strandpromenade/Kyststi

Kommunen ønskjer at kyststien skal gå langs strandsonen mellom sentrumsområde og Tollaneset og fungere som ei trygg ferdselsåre for mjuke trafikantar. Kyststien skal kunne brukast for å nå viktige målpunkter mellom sentrum og skuleområde/idrettsplassen. Arbeidet med kyststien vil måtte take omsyn til dei utfordrande vindforholda en har i Eikelandsosen med kraftig vind inn mot sjøfronten. Gangbrua skissert over elveutløpet skal vere på høgde med vegkroppen slik at båtar kan passera.

- Kyststien må opparbeidast med høg kvalitet som sikrar at den vart brukt.
- Utnyttingsgraden som er skissert for øvre delar av Tollaneset kan føre til at folk opplever strandsonen som privat, og ikkje open for ålmenta.
- Forslaget om kyststi bærer preg av å vere ein sti for opplevingar, meir enn ein ferdselsåre brukt i det daglige.
- Kommunen må sjå anlegg for båtar i ein samla kontekst og ikkje planleggje for fleire mindre hamner. Viktig å bevare dei delane av strandsonen som står att.

Kulturminner

Kommunen vart bedt om å vurdere nærare dei naturgitte forholda og utviklingstrekka i Eikelandsosen nærare, før ein går i gang med ny utfylling. Kommunen vart også bedt om å ta utgangspunkt i eksisterande utfylling ved Neset.

- Koldalselva – viktig identitetskapande landskapselement som må ivareta
- Tollaneset må sikrest for ålmenta
- Kommunen bør vurdere tolegrensa for utfylling i sjø